



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jan Vidar Voster, 5557 2034

Vår dato  
13.12.2013  
Dykkar dato  
20.11.2013

Vår referanse  
2013/15122 421.3  
Dykkar referanse  
13/3314

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### Til uttale - Lindås - Gnr 170 Bnr 4 - Vatne - Etablering av våningshus - Disp

Vi syner til kommunen sitt brev 20.11.2013. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til frådeling av en parsell til bustadføremål. Frådelinga ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er synt med føremålet LNF, og krev dermed dispensasjon i frå føremålet i kommuneplanens sin arealdel. Området er i markslag (AR5) klassifisert som innmarksbeite.

Eigedommen har gode jordbruksressursar (i alt ca.100 da; 55 da fulldyrka, 4 daa overflatedyrka og ca.40 daa beite). Kommunen må gje fleire opplysningar om tilstanden til eksisterande våningshus, om drifta på eigedommen og trong for eit hus nummer to. Bare dersom ein ny bustad er nødvendig av omsyn til drifta bør det tillates ein ekstra bustad. Generelt meiner vi at hus nummer to på garden må vere knytt til same gards og bruksnummer og lokaliserast i det opphavlege tunet dersom dette er mogeleg. Fylkesmannen ønskjer utsatt frist til uttale og at saka vert betre opplyst før vi gjev endeleg uttale.

Med helsing

Tord Bakke e.f.  
seniorrådgjevar

Jan Vidar Voster  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*